



Statens vegvesen

Terje L Båtevik

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
17/46114-2

Dykkar referanse:

Vår dato:
12.05.2017

Mellombels bruksløyve – Fv. 404 – Avkjørsle – Gnr. 62 bnr. 12–13, 14, 24 og 27 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om ferdigattest / bruksløyve mottatt 28.03.2017. Vi gav førehandstilsegn for bygging av avkjørsle i vedtak av 27.03.2015 (snr. 2015038709). Vi syner og til synfaring på staden 05.05.2017 og e-post mottatt 08.05.2017.

Siktkrav:

Eit absolutt krav vi stiller til avkjørsler er at det skal vere tilfredstillande sikt. Ved måling på staden viste det seg at sikta var hindra av vegetasjon i begge retningar i avkjørsla.

Kurvatur:

Til venstre i avkjørsla er svingradius ikkje markert, men avslutta med ein 90° vinkel. Svingradius til høgre i avkjørsla var vesentleg mindre enn kravet som var sett i vårt førehandstilsegn i 2015. I alt medfører dette at breidda i avkjørsla vert for stor, og at ein mellom anna får eit køyremønster i avkjørsla som ikkje er ønska.

Vurdering:

Søker opplyser at ein eigedom (gnr. 62 bnr. 14) ventar på avkjørsleløyve slik at byggjesøknad om fritidsbustad kan verte behandla av kommunen. Det er ønskeleg å ha ei større avkjørsle i byggeperioden, slik at større køyretøy kan kome ned til eigedomane i byggeperioden.

Med bakgrunn i at avkjørsla ikkje er opparbeidd i samsvar med våre krav kan vi ikkje gje eit endeleg bruksløyve i dag. Vi har mottatt dokumentasjon på at sikta no er opparbeidd, slik at vi kan vi gje eit mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve endeleg avkøyrsløyve må avkøyrsla innsnevrast og opparbeidast i samsvar med dei krav som vart sett i vårt førehandstilsegn. I dette tilfellet skal svingradius markerast tydeleg med betongkant eller annan avvisande kant mot sideterrenget, og vere av ein permanent karakter. Breidda i avkøyrsla skal innsnevrast.

Vedtak:

Statens vegvesen godkjenner på vilkår mellombels avkøyrsløysle til eigedomane gnr. 62 bnr. 12–13, 14, 24, 27 i Lindås kommune, *vår referanse FV 404 hp 2 km 4,200*. Vedtaket har heimel i veglova §§ 40 og 43.

Vilkår for løyvet:

Etter ei samla vurdering av vegtekniske tilhøve og trafikksikringsomsyn set Statens vegvesen følgjande vilkår for løyvet:

1. Løyvet er gjeve i samsvar med *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkøyrsløysle frå offentleg veg* fastsett av Vegdirektoratet 16.07.1964 og *Forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløysle for riksveg* fastsett av Samferdsledepartementet 26.02.1982.
2. Løyvet gjeld kun for den staden som er nemnt ovanfor og i samsvar med førehandstilsegn av 27.03.2015.
3. Løyvet gjeld i byggeperioden for oppføring av fritidsbustad på gnr. 64 bnr. 14.
4. Løyvet er mellombels og gjeld i inntil eitt år frå vedtaksdato.
5. Eigaren og brukaren av avkøyrsla som løyvet gjeld for, har ansvar for at frisikt til ei kvar tid er oppfylt, jf. veglova §43.
6. Det skal vere tilfredstillande snu- og manøvreringsareal inne på eigen eigedom slik at ein unngår rygging på offentleg veg.
7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Privatrettslege tilhøve, til dømes nabo- og eigedomstilhøve, må søkjaren sjølv ivareta og skaffe seg rett til. Dette gjeld til dømes opparbeiding, bruk og vedlikehald av avkøyrsløysle, frisiktsoner og tilkomstveg. Slike rettar bør tinglysast.
8. Når byggeperioden er over skal avkøyrsla snarast opparbeidast i samsvar med førehandstilsegn. Arbeid som står att er å tydeleg markere svingradius ($r=4m$) med betongkant eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Utforminga skal vere permanent. Opparbeiding av svingradius skal også medføre at breidda i avkøyrsla vert samsvar med førehandstilsegn.

9. Kommunen skal ikkje gje mellombels bruksløyve eller ferdiggodkjenning av fritidsbustad på gnr. 62 bnr. 14 i Lindås kommune før endeleg godkjent avkøyrsløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27-4.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 Leikanger, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Tor Høyland
senioringeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.